

## NOTAT

OPPDRAG	<b>Langelandsskogen og deler av Frekhaug nord Områdereguleringsplan</b>	DOKUMENTKODE	10200755-01-PLAN-NOT-002
EMNE	Medverknad: Samtaler med turgrupper - samanfatting	TILGJENGELIGHET	Open
OPPDRAGSGIVER	<b>Meland kommune og Vest-Land Eiendom AS</b>	OPPDRAGSLEDER	Héctor Piña
KONTAKTPERSON	Kristin Nåmdal (Meland kommune) Stian Hviding (Vest-land eiendom AS)	MEDARBEIDERE	Vegard Eriksen Torunn Åsheim
		ANSVARLIG ENHET	Arealplan og utredning Vest

## Medverknad: Samtaler med turgrupper 07.05.2018

### 1 Innleiing

Dette notatet er ei samanfatting av medverknadsopplegget med turgrupper som vart gjennomført den 07.05.2018 i samband med områdeplanprosess for Langelandsskogen og Frekhaug Nord i Meland kommune. Turgruppene Ganglaje, orienteringsgruppa Kvernbit, Nordhordaland turlag og Opptur Meland var invitert. Ganglaje ved Anne Britt Skår Hopland og Kvernbit orienteringsgruppa ved Bente Corneliusen stilte på opplegget saman med Ronald Øyen frå Nordhordaland folkehøgskole.

#### Kort om deltakarane:

##### Ganglaje

Turlag med over 200 som deltek frå tid til anna. Vanleg oppmøte på turane er ca 30 stk.

##### Kvernbit orienteringsgruppe

Held fleire proffe løp i Langelandsskogen. Har turkart for fleire stadar i kommunen. Driv mest med organisering av orienteringsløp i heile Nordhordaland, også i Mjåtveit. Aktive mest i sommarhalvåret. Manglar fleire aktive vaksne for å kunne arrangere meir.

##### Ronald Øyen

Øyen er ein av ildsjelene som står bak mykje av tilrettelegginga av turløyper i Langelandsskogen. Han flytta til Meland kommune på 80-talet og syntest det var lite som var lagt til rette for turgåing i området. Han har brukt fleire 100 dugnadstimar på dette arbeidet, i fleire anledningar fått hjelp av studentar ved Nordhordaland folkehøgskole og andre frivillige.

00	06.07.2018	Medverknad: Samtaler med turgruppene - samanfatting	VE, TOAA	HEPB	HEPB
REV.	DATO	BESKRIVELSE	UTARBEIDET AV	KONTROLLERT AV	GODKJENT AV

Medverknad: Samtaler med turgrupper samanfatting

### Opplegget

Multiconsult og Meland kommune stod for arrangementet som vart arrangert mellom klokka 16:00 og 19:00 den 07.05.2018. Det vart servert mat og drikke medan Multiconsult og kommunen presenterte planprosessen og dei førebelse skissene så langt dette var kome. Deltakarane vart delaktiv i presentasjonen der dei noterte stikkord på post-it-lappar med fargekodar (sjå figur 1-1). Etter presentasjonen vart deltakarane tatt med på ein tur i planområdet med kaffepause på ein av dei høgaste fjellknausane i Langelandskogen. På turen fekk dei forklart kva moglegheiter som låg i området og kom med innspel på desse.



Figur 1-1 Tursamtaler med kaffepause i området. Deltakerne markerte viktige områder med flagg.

Alle innspel som kom inn i samband med introduksjonsmøtet og synfaring i planområdet er å finne i stikkordsform under.

Medverknad: Samtaler med turgrupper samanfatting

**Innspel på møtet**

- Folk brukar sitt nærmaste område mest.
- Tilkomst til turområdet er det viktigaste.
- Folk går der ein legger til rette for det og dette kan ein styre
  - Runden på toppen er det viktigaste
  - Ulike brukarar, ulike behov. For nokre vil bratte bakkar vere ei utfordring og det er ofte behov for ein alternativ og slakare trasè.
  - Utsikten frå Storeknappen er det viktigaste og det er viktig at planlagte bygg ikkje øydelegg for denne utsikten.
  - Kvernbitt var i samband med planen for Torvvegen pådrivar for at det skulle etablerast tilkomst til Langelandsskogen frå Sagstad skule og denne skule utformast som offentleg tilgjengeleg.
- Eit mål må vere at ein slepp å sjå utbygging over alt
- Vanskeleg å få parkert bilen før ein skal på tur i Langelandsskogen



Figur 1-2: Aktiv deltaking under introduksjonsmøtet. Hvitt lapp representerer kva som kjenneteiknar Frekhaug. Grøn lapp er for kva kvalitet deltakarane liker best med Frekhaug og rosa lapp handlar om kva kvalitetar som manglar.



Medverknad: Samtaler med turgrupper samanfatting


### Innspel på turen i Langelandskogen

- Tidlegare tjørn med tilhøyrande skog er mest truleg ikkje nytta spesielt til friluftsliv eller andre aktivitetar.
- Erfaringar frå andre stadar er at ein ikkje bør legge til rette for varig opphald (gapahuk, grillhytter) då dette kan føre til uønska aktivitet.
- Ungdomsskule som ligg i same plan som busshaldeplass vil vere betre enn å legge denne høgare opp i terrenget.
- Ved enden av eldre vegfar nordaust i Langelandsskogen ligg der restar av gammal bebyggelse. Her var det også tilkomst til området tidlegare.
- Stiane inn til Langelandsskogen har ikkje spesielle kvalitetar i seg sjølv med unntak av det gamle vegfaret.
- Demning ved garden i sørvest vart tidlegare nytta som ferskvasskjelda til folkehøgskolen.
- Starten på den blå stien ved enden av eldre vegfar
  - Denne er en eldre sti og har vore der sidan Frekhaug vart utbygd, men er noko flytta sidan den gong
  - Bør ikkje gå mykje lenger mot nordaust
  - Det viktigaste er at ein får ein rask tilkomst frå sentrum til rundløypa lenger oppe.
  - Bør få ei skjerma utforming der ein ikkje opplever at ein er i hagen til nokon. Skilting og merking som inviterer til offentleg ferdsel kan hjelpe på dette.
- Toppen ved grensa til planområdet
  - Området ble markert med flagg av deltakerne som viktig
  - Dette er eit godt utsiktspunkt etter at skogen ble fjerna
  - Dette kan ein på folkemunne kalle «det fysta kvilet» eller «det nedste kvilet». Vil kunne fungere som ein pause på veg opp mot Storeknappen
  - I dette området kunne deltakarane sjå for seg var ein god stad å plassere barnehage, evt ha eit friluftsområde eller leikeplass
  - Kanskje ein kan etablere ein grussti frå dette området og opp til Storeknappen?
- Viktig salgsargument er at ein har gode kvalitetar og nærturterreng i nærleiken av bustad
- Ein kunne dratt «Oransje» løype noko lenger nordaustover for å få til ei betre kopling mot «gul» løype. Dette må ein få med grunneigarane på.
- Ganglaje har turbok liggande på toppen av Storeknappen

### Utanom planområdet:

- Vart nemnt at det ved Mjåtveit er ei tilrettelagt grusvegløype
- Noko «misunneleg» på dei i Knarvik som har turløypa Kvasnes
  - Kanskje den «Fjellvegløypa» mot Fosse kan gi noko av det same

Medverknad: Samtaler med turgrupper samanfatting



Figur 1-3 Eksisterende løypenett